

Handlingsplan for folkehelsearbeidet 2010 - 2011

Frå 1. januar 2010 blei folkehelsearbeidet i fylkeskommunane lovfesta. Lova gjer fylkeskommunen ei forsterka rolle som fremmar av folkehelse gjennom partnerskap, i fylket og i eiga tenesteyting. Handlingsprogram for folkehelse gikk ut i slutten av 2009. I påvente av plan for folkehelsearbeidet i Hordaland skal Handlingsplan for folkehelsearbeidet 2010 – 2011 gjelde i påvente av en heilskapleg plan for folkehelsearbeidet i Hordaland.

Dei overordna måla med folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse, og å redusere helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn. Det jobbast med ei heilskapleg satsing på mange område inkludert regional utvikling, opplæring, tannhelse, næringsliv, fokus på bustad og lokalsamfunn, sosial inkludering, samferdsel, universell utforming, klima- og miljø, kultur og idrett.

Å skape samanheng og kontinuitet i folkehelsearbeidet i Hordaland er den overordna oppgåva. Systematiske og langsiktige mål må leggjast til grunn for arbeidet. Tiltaka som settes i verk skal ha dokumentert effekt.

I 2010 - 2011 blir følgjande arbeidsoppgåver prioritert:

1. Styrkje og vidareutvikle ”Partnerskap for folkehelse i Hordaland”.
2. Samordne og utvikle folkehelsearbeidet i Hordaland fylkeskommune.
3. Kartleggje Hordalendinganes helsetilstand og påverkande faktorar for denne.
4. Utvikle ”Plan for folkehelsearbeidet i Hordaland”.

Handlingsplanen fokuserer først og fremst arbeidet i 2010. Hausten 2010 blir plan for 2011 utvikla og utdjupa etter kvart som planarbeidet konkretiserast.

Arbeidet med folkehelse er forankra i regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Samtidig vert det viktig å peike på at samtidig som arbeidet er eit eiga fagområde (verksemdsområde), så er det eit aspekt ved dei fleste av HFK sine ansvarsområde. Arbeidet skal løysast på tvers av sektorar noko som fordrar godt samarbeid. Arbeidet skjer på mange arenaer og nivå. Det skjer i regionalavdelinga, i samarbeid med andre avdelingar gjennom folkehelsegruppa og i partnerskap for folkehelse, med kommunar, frivillige og statlege verksemdar.

Prioriterte Arbeidsoppgåver

1. Styrking og vidareutvikling av Partnerskap for folkehelse i Hordaland

Fylkeskommunen har ansvar for å understøtte folkehelsearbeidet i fylket, noko som inneber rådgiving, etablering og utvikling av lokale partnerskap med kommunane, frivillige og andre aktuelle institusjonar og organisasjonar. På nåverande tidspunkt er følgjande med i Partnerskapet: Bergen, Askøy, Stord, Austrheim, Kvinnherad, Austevoll og Odda kommunar og Kvam herad, samt Bergen Turlag, Bergen og omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest, Nasjonalforeningen for folkehelsen og Hordaland idrettskrets. Det er stor interessa for partnerskapsarbeidet og mange ønskjer å bli med mellom anna Helse – Bergen, Universitetet og fleire kommunar / frivillige organisasjonar.

Målsetjing:

1. Oppretthalde, utvikle og drifte Partnerskap for folkehelse i Hordaland.

- a. Utvikle organisering av partnerskapet. Det er behov for å etablere et styringsorgan for folkehelse. Arbeidet med dette blir knytta opp mot utviklinga av Plan for folkehelsearbeidet i Hordaland.
- b. Inngå partnerskap med minst fem nye kommunar og andre aktuelle organisasjonar (t.d frivillige, næringslivsaktører, Husbanken), fortløpande
- c. Utvikle partnerskap med Helse Bergen, Helse – Fonna og leiande utdannings- og forskingsinstitusjonar i Hordaland, fortløpande
- d. Utvikle ny partnerskapsavtale med Fylkesmannen i Hordaland, oktober 2010
- e. Utvikle partnerskapsarbeidet, ved å skape godt samarbeidsklima og felles mål for arbeidet gjennom nettverksarbeid og samlingar.
 - i. Minst fire samlingar i året med partnarane med mål om å styrke nettverket, og heva kompetansen i folkehelsearbeidet i Hordaland.
 1. Helsekonsekvensutgreiingar i planarbeid, februar 2010 (v/Partnerskapet)
 2. Folkehelsearbeid, samhandlingsreforma og tilskottsordningar, 28. mai 2010. (v/Partnerskapet og folkehelsegruppa)
 3. Deltaking på ”Nasjonal konferanse om ny kommunerolle i folkehelsearbeidet”, 22.- 23. september 2010 (v/Østfold fylkeskommune)
 4. Strategikonferanse relatert til utvikling av ny plan for folkehelsearbeidet, oktober 2010 (v/ Partnerskapet og folkehelsegruppa).
 5. Arbeidsseminar med partnarar for å sette mål for arbeidet i 2011, desember 2010 (v/partnerskap og folkehelsegruppa)

- ii. Politikkaropplæring. Initiering og inkludering av politikkarar i nettverksarbeidet, kurs og seminar i Hfk og i Partnarskapet.
- f. Rådgi Partnarskapen og fremje folkehelseiltak inkludert fokus på:
 - i. Helsefremmende tiltak og tidlig førebygging på livsstilsområda (fysisk aktivitet, kosthald, tobakks- og rusførebygging og psykisk helse)
 - ii. Tiltak relatert til eldrebølgja.
 - iii. Tiltak for gode oppvekst- og levekår
 - iv. Samhandlingsreforma si betydning i folkehelsearbeidet
 - 1. Frisklivssentralar
 - v. Folkehelsefokus i all planlegging /Helse i plan
- g. Støtte opp om og samarbeide om måloppnåing innan Partnarskap for folkehelse.
 - i. Understøtte og samarbeide om Planlegging av partnarskapet 2010, se VEDLEGG 1
 - ii. Understøtta Partnarskapsplan for 2010, se VEDLEGG 2

2. Utlyse og dele ut tilskot til folkehelseiltak

- a. Stimuleringsmidlar til koordinering av lokalt folkehelsearbeid,
- b. Midlar til gode folkehelseiltak,
- c. Midlar til fysisk aktivitet i frivillige organisasjonar
- d. Utlyse og samordna andre midlar med fokus på folkehelseiltak

Spesielle utfordringar: økonomi, personellressursar

Kostnad 2010:

| | |
|--|-----------------------------|
| Stimuleringsmidlar til eksisterande partnarar: | 1 450 000 |
| Stimuleringsmidlar til nye partnarar: | 850 000 |
| Midlar til folkehelseiltak | 400 000 |
| Kompetansetiltak | 150 000 |
| Drift av Partnarskap for folkehelse | 100 000 |
| Helse i plan | 80 000 |
| Midlar til fysisk aktivitet i frivillige org. | <u>500 000 (frå staten)</u> |
| | 3 530 000 |

Fremdriftsplan: Kommunar og andre aktuelle partnarar kontaktast fortløpande for inngåing av partnarskap. Se elles målsetning.

Ansvar: HFK og Partnarskap for folkehelse

2. Samordning og utvikling av folkehelsearbeidet i eiga tenesteyting

Den nye folkehelselova legger stor vekt på samordning av folkehelseoppgåver i eiga tenesteyting. Folkehelsegruppa har til nå samordna nokon av folkehelseoppgåvene i fylkeskommunen men framleis er det naudsynt å utvikle samordninga. Handlingsprogram for folkehelse 2007 – 2009 fokuserte først og fremst innsats og aktivitetar som HFK og Fylkesmannen initierte, og arbeidde med ot tok i mindre grad omsyn til utfordringar kommunane hadde i perioden. Programmet 2007 – 2009 tok for seg seks folkehelseområder og tiltak innan desse. Desse var 1. Skape samanheng i folkehelsearbeidet, 2. Arbeidsmiljø og skolemiljø, 3. Fysisk aktivitet, 4. kosthald, 5. Røyk og rus, og 6. Tilrettelegging for fysisk aktivitet. På grunnlag av denne erfaringa er det eit mål å gjennomgå dette arbeidet og søke heilskapleg oversyn over folkehelseaktivitetar i organisasjonen, vurderer om dei er i tråd med utfordringane vi står over og planleggja nye samordna tiltak i tråd med utfordringane.

Målsetjing:

1. Utvikle og forankre organiseringa av folkehelsearbeidet i fylkeskommunen (knyttes opp mot "Plan for folkehelsearbeidet i Hordaland").
2. Definere Folkehelsegruppas arbeidsoppgåver og ansvarsområde, innan utgangen av 2010, knytt mot arbeid med planprogram
3. Lage oversikt over folkehelseiltak i eiga tenesteyting, innan utgangen av 2010
4. Fremme sak om felles folkehelsesatsing, desember 2010
5. Fremme og løfte kompetansen i HFK, fortløpande arbeid
 - a. Informere og gje råd i avdelingane om eiga folkehelsearbeid
 - b. Holde arbeidsseminar i alle avdelingane.
 - c. Inkludere folkehelse i alt planarbeid
 - d. Delta aktivt på alle relevante arenaer
 - e. Fremme deltaking i "Partnarskap for folkehelse i Hordaland".
6. Folkehelseiltak i Regionalavdelinga
 - a. Utvikle Fiskesprell, vidare (i tråd med nasjonal satsing, arbeid kontinuerleg)
 - b. Innarbeide helse i plan, kontinuerleg
 - i. Deltaking i Planforum
 - ii. Understøtte kommunane i helse i planarbeidet
 - c. Utvikla folkehelsesamarbeid mellom seksjonane

Spesielle utfordringar: forankring, leiarskap, personellressursar

Kostnad: interne personressursar,

Fremdriftsplan:

1. Folkehelseundersøking. Studentar ved UiB april – mai .
2. Kartlegging av folkehelseiltak i Hfk – september
3. Forankringsmøte i Toppleiargruppa – juni.
4. Arbeidsseminar i avdelingane, fortløpande
5. Fylkestinget –desember

Ansvar: Folkehelsegruppa

3. Foreta kunnskapsoppsummering om hordalendingane sin helsetilstand og faktorar som har innverknad på den.

Når folkehelseiltak planleggast og utførast skal dei vere basert på forskings- og erfaringsbasert kunnskap. Ein føresetnad er at det føreligg oversikt over befolkningas helsetilstand i fylket og de faktorar som kan virke inn på desse. I tillegg fordrar det kompetanse på området og korleis kunnskapen kan nyttast på best mogleg måte.

Målsetjing:

1. Innhente kunnskap om hordalendingane sin folkehelse som grunnlag for tiltak og ”Plan for folkehelsearbeidet i Hordaland”.
 - a. Oppsummere offentlig statistikk
 - b. Oppsummere utfordringar, som skal danne grunnlag for vidare folkehelsearbeid i fylket
 - c. Samarbeide med AUD, SSB, Fylkesmannen, Institutt for folkehelse om standardiserte indikatorar for befolkningas helsetilstand.
2. Formidle kunnskapen til partnerskapen og andre aktuelle aktørar.

Spesielle utfordringar: økonomi, personellressursar

Kostnad: interne ressursar

Fremdriftsplan: Kontinuerlig oppsummering

Ansvar: Folkehelsegruppa og AUD

4. Utvikling av Plan for folkehelsearbeidet i Hordaland

Målsetjing og framdriftsplan:

1. Starte arbeidet med å utvikle ”Plan for folkehelsearbeidet i Hordaland”, vår 2010
2. Utvikling av planprogram, haust 2010
3. Holde strategikonferanse, november 2011
4. Utvikle plan for folkehelsearbeidet 2011

Spesielle utfordringar: økonomi, personellressursar

Kostnad: interne ressursar

Fremdriftsplan: se målsetjing

Ansvar: Utviklingsseksjonen

VEDLEGG 1

Planlegging av partnerskapet for 2010

Partnerskapskonferanse 16.12.09, SAS Bryggen

1. Kom fram til noen overordnede felles mål for partnerskapet for folkehelse i Hordaland.

- Dei måla som ligg i folkehelsearbeidet; jamne ut sosiale ulikskapar i helse og fleire leveår med god helse i Hordaland.
- Me vil bli best i landet når det gjeld folkehelse!
 - a. Hvorfor jobber vi sammen?
 - Dess fleire som jobbar saman, dess større nettverk, jo betre og breiare kompetanse
 - Auke forankring
 - Unngå dobbeltarbeid; meir helse ut av kvar krone
 - Erfaringsutveksling; god delekultur, forståelse av kvarandre
 - Bevisstgjering
 - Nettverk
 - Motivasjon
 - Synergiske effektar regionalt - lokalt
 - b. Hva kan vi få til sammen som vi ikke kunne gjort alene?
 - Nå ut til mange fleir som treng folkehelsestilbod i Hordaland.
 - Samordne prosjekt, sørge for at gode prosjekt vert vidareført. Sikre at godt fungerande prosjekt blir økonomiske
 - Spela meir på lag på tvers av organisering
 - ”Marknadsføring” av kva den enkelte partnar jobbar med
 - Informasjonsspreiing
 - Vise kva ein kan gjera i den enkelte organisasjon
 - Se ting på nye måtar

2. Kom fram til noen kortsiktige mål for partnerskapet i 2010.

- a. Hva skal vi ha fått til innen 3 måneder?
 - Snarast! → Ny struktur/styringsform på folkehelsearbeidet, t.d. styringsgruppe, alle partnarane involvert og forankra politisk
 - Alle partnarane ryddar i ”eigen skuffe” over satsingar og tiltak, og sender ei oversikt til koordinator i fylket.
 - Kompetansekartlegging og tilbodskartlegging hos partnarane → synleggjerast på nett.
 - I løpet av våren – ny partnerskapskonferanse → STRATEGIKONFERANSE
 - Alle tilsegn frå fylkeskommunen tildelt før påske; tilsegnsbrev sendt ut.
 - Sette verdens aktivitetsdag på agendaen (10mai) for å oppnå kontakt med lokale agentar.
- b. 6 måneder?
 - Nettsida til fylkeskommunen må vera på plass med ei oversiktleg og brukarvenleg løysing/oppsett.
 -

- Overordna handlingsplan/strategiplan på plass → forankra politisk. Må ha ei konkret hovudmålgruppe det vert satsa særskilt på (føreslår **ungdom!**). Det skal sjølvsagt jobbast med alle grupper, men viktig å fremja ei særskilt gruppe. Strategiplanen bør vera ein 4 års plan for å sikre rammebetingelsane.

c. 9 måneder?

- Kommunar har fokus på å laga partnerskap med frivillige lag og organisasjonar i sin kommune.
- Einigheit i partnerskapet om felles satsingsområde for komande år. Dette for å få satsinga inn i den kommunale/fylkeskommunale budsjettprosessen.
- Ha klart eit ”foredrag”, power point el. l, for kommunepolitikarane/kommuneleiing som kan nyttast av alle partnarar → når satsinga skal promoterast er det viktig at ein representant frå fylkeskommunen er med å frontar saka.
- Kompetanseheving/kurs – ”Helse i plan”
- Produsere rapport om resultatata frå verdens aktivitetsdag med oppfordring om å nytte aktørar i partnerskapen til ei slik satsing.

d. 12 måneder?

- Det skal vera ”pausegym” på kvart kommunestyremøte
- Når startar ulikskap i helse? Kva kan ein gjera for å hindra utvikling av sosial ulikskap i helse → gjera felles prioritering ut mot dei svake gruppene. Ei konkret oppgåve å starte med!
- Korleis skal ein konkret samarbeida med dei frivillige lag og organisasjonar → lage gode reknestykke over kva folkehelse sparar kommune/stat for.
- Auka budsjetttramme, regionalt og lokalt
- Folkehelse med i kommuneplan, forankra i plan.

3. Hva skal vi unngå i utviklingen av dette partnerskapet?

- At man berre hjelper dei som allereie har det godt—at man faktisk gjør lågterkeltilbod.
- Unngå at ein berre kommuniserer via nett, telefon.
- Ikkje gapa over for mykje.
- Hindra ”plan syndromet” → me må ha kort veg frå plan til handling, og vera tydelege og konkrete!
- Ikkje for kompleks i forhold til organisering → rette, klare linjer.
- Unngå kortsiktige mål på plan – og økonomisida.
- Unngå ”ovanfrå og ned” haldning og styring.
- Ikkje berre ”prat” → må nå mål, få til kortsiktig handling, koma vidare → få utbytte av møter og konferansar.
- Unngå negativ konkurranse mellom partnarane—internt / eksternt.

4. Hvordan ønsker dere å planlegge partnerskapet?

a. Er denne måten ok? – andre måter?

- Partnerskapssamlingar, workshops der ein fortløpande kan presentera prosjektarbeid og fortløpande presentera resultat og evaluera arbeidet.
- Denne måten er ok
- Kreativ verkstad; gjera ulike ting – gruppearbeid, plenum
- Planlegging på ulike nivå.

b. Hvordan skal vi planlegge underveis i 2010?

- Plukke ut nokre hovudtema som det skal satsast på og einast om strategien for arbeidet innan desse hovudtemaa.
- Hovudfokus, tema og strategi vera klar til budsjettprosessen hausten 2010.
- Strategisamling i mars!
- 4 samlingar per år (2 vår og 2 haust). Desse kan variera i antal representantar frå kommunane. Om fleire frå kvar kommune kan desse arbeida saman i ei gruppe.
- Sende forslag til høyring hos dei ulike partnarane
- Kvar enkelt partnar sin plan ut på nett – alle kan sjå
- Kartlegge kva vi veit/ikkje veit. Innhente informasjon frå aktuelle gruper før tiltak sett i gong – t.d. ungdomsarbeid.

5. Hvordan skal vi vedlikeholde samarbeidet vårt?

- Deltakarliste med stilling, e-postadresse, tlf nr etc. → sendast ut
 - a. Pleie og støtte av kvarandre. Eg. uformelle samlinger, besøke kvarandre +++
 - Reise på besøk til kvarandre, rulling på møtevert. Invitera lag/organisasjonar/eldsjeler på møta i den enkelte kommune.
 - Abonnere på nyhender
 - Openheit – utveksle erfaringar
 - b. Hvordan ønsker dere at fylkeskommunens rolle er her?
 - Koma med klare føringar
 - Skaffa fagkompetanse
 - Bruka partnarane sin kompetanse – fungere som ein koordinator
 - Kontaktperson i fylkeskommunen – ein person for partnarane å forholde seg til; må ha oversikt over kva som skjer hos partnarane.
 - Drive nettverket!
 - Sikre rammevilkåra
 - Oppdatere nyhender
 - Inspirere, utfordre, ha oversikt
 - Besøke partnarane; møte fleire i den enkelte kommune.

6. Hvordan ønsker dere at vi skal kommunisere (forskningen sier vi får mest ut av å snakke med kvarandre ansikt til ansikt)?

- a. Møter
 - i. Hvor ofte?
 - 4 x per år
 - I oppstarten, dvs. 2010, ynskjer å få ting” på plass. Viktig å få diskutera problem/utfordringar med andre folkehelsekoordinatorar
 - Dialogkonferansar – ha parallelle sesjonar der folkehelsekoordinatorar samlast
 - ii. Hvor?
 - Reise rundt til kvarandre → variasjon etter tema
 - Oppfordre til uformelle samtaler
 - ”Walk and talk”
 - ”World Cafe”

iii. Hvor lenge?

- Minst ein dag
- Viktig å ha rom for uformelle samtalar. Då vert kontaktar og nettverk skapt.
- Vanlegvis på dagtid, 10.00 – 15.00. Ynskjeleg med overnatting ein gong i året, evt. annakvart år. Viktig at overnattinga skjer ein stad der deltakarane vert verande på kveld

iv. Hvem?

- Partnerarar som ynskjer å delta
- Partnerane kan av og til ta med seg personar frå sin kommune → breiare forankring.

v. Hva skal de handle om?

- Viktig at dialogen får bløma
- Råd om korleis nå måla, korleis få folkehelsearbeidet forankra, konkrete tiltak som har fungert.
- Ulike tema, kompetanse på satsingsområde, erfaringsutveksling
- Kva er nytt? – forvaltningsreforma, samhandlingsreforma etc.

b. Hordaland.no/folkehelse

i. Hva slags informasjon ønsker dere der?

- Oversikt over partnerar og kva dei er gode på → kontaktinfo, kontaktpersonar
- Fellesliste for tilbod hos partnerane; kartlegge, fortløpande oppdatering, kontaktliste for tilboda.
- Konkrete tiltak
- Oversikt over finansierings – og tilskotsordningar, med fristar
- Liste over kven og kva som har fått tilskot
- Nyttige og gode lenker
 - prosjekt (evedensbaserte)
 - forskning (regional, nasjonal, internasjonal)
 - Miljøverndepartementet
 - Folkehelseinstituttet
 - Universell utforming
 - Etc.
- Nyhendebrev for Hordaland 2 gonger i året – med ulike tema; fysisk aktivitet, ernæring/kosthald etc.
- Universell utforma
- Relevante lover og forskrifter – folkehelselova, friluftsløva etc.
- Lenke til partnerane
- ”Oppmuntring”, Dagens tips”, ulike sitat → litt ”friske” innspel.
- Talar, presentasjonar, power point...
- Tips til gode føredragshaldarar
- Oversikt over aktuelle kurs og konferansar

c. Hvordan ønsker dere å utveksle kunnskap?

- Nettsider
- Workshops
- Gode føredragshaldarar
- Via koordinator i fylket
- Møter
- Konferansar
 - Vanskelege tema

- Prosjekt i Hordaland
- Spissa tema
- vinkla dette inn mot kva den enkelte partnar kan gjera.
- d. Hvordan ønsker dere å kommunisere?
 - i. Tlf, e-post, blogg, møter, besøke hverandre – hva som helst!

- Tlf, e-post, møter, besøk. IKKJE blogg på noverande tidspunkt.

- e. Hvordan ønsker dere at vi jobber med kompetanseheving?
 - i. Eg. Foredrag, workshops+++ hva slags tema?

- Konferansar
- Studietur – må vera nyttig! Økonomi spelar ei rolle her, enklast mogleg reiserute, 1. halvdel av året
- Nytt samlingar som allereie finst i dag frå t.d. fylkeskommunen si side, der kommunane er invitert → folkehelse som tema.

7. Struktur og roller

- a. Hva slags struktur ønsker dere ar dette partnerskapet skal ha?

- Overordna nivå
 - Styringsgruppe/styre; representantar frå fylkeskommunen, fylkesmannen, kommunane (politisk forankra), partnarane → representantar både frå frivillige lag og politikk
 - Folkehelsekoordinator i fylkeskommunen – sekretariat
 - Møter 1-2 x i året
- Partnerskapssamlingar; 4 x per år; kontaktperson hos partnarane ++
- Fagsamlingar, melder seg på, fleire frå kvar kommune
- Fylket må jobba med å få ein god struktur

- i. Hvem fra din organisasjon skal møte? Hvor ofte?

- Sjå tidlegare svar

2. Bør vi ha en annen struktur enn i dag?

- Folkehelsearbeidet er for ”ungt” til at ein kan bestemme ein ny struktur. Kanskje ein skal ende opp med ein heilt utradisjonell arbeidsmåte

- b. Hvilken rolle ønsker dere å ha i dette partnerskapet?

- Likeverdig rolle, partnerskapsavtalane må gjenspegla likeverd

- ii. Hva kan dere bidra med?

- Det me har sagt me skal gjera skal me gjennomføra
- Bidra med vår kompetanse

2. Hvor mye?

- c. Hvordan kan vi få folkehelse ordentlig forankret og bærekraftig i deres organisasjon?

- Med i plan hos kommunane og dei frivillige organisasjonane.

8. Hvilke andre partnere ønsker dere?

- Alle kommunar
- Næringslivet
- Bergensklinikkane
- Røde Kors
- FNF
- Vestkystparken
- Høgskulen
- Statens vegvesen
- Trygg Trafikk
- Syklistenes landsforbund
-

→ kvar kommune lagar egne partnarshipsavtalar med organisasjonar, t.d. idrettslag og turlag → lokale partnarship (bør vera forpliktande)

VEDLEGG 2

Partnerskapsplan for 2010

Kom fram til noen kortsiktige mål for partnerskapet i 2010.

Hva skal vi ha fått til innen 3 måneder?

- Arbeide med ny struktur/styringsform på folkehelsearbeidet.
- Alle partnerane ryddar i "eigen skuffe" over satsingar og tiltak, og sender ei oversikt til koordinator i fylket.
- Kompetansekartlegging og tilbodskartlegging hos partnerane → synleggjerast på nett.
- Alle tilsegn frå fylkeskommunen tildelt for påske; tilsegnsbrev sendt ut.
- Sette verdens aktivitetsdag på agendaen (10mai) for å oppnå kontakt med lokale agentar.
- Planlegge ny partnerskapskonferanse → STRATEGIKONFERANSE
- Kompetanseheving/kurs – "Helse i plan"

6 måneder?

- Nettsida til fylkeskommunen må vera på plass med ei oversiktleg og brukarvenleg løysing/oppsett.
- Overordna handlingsplan/strategiplan på plass → forankra politisk. Må ha ei konkret hovudmålgruppe det vert satsa særskilt på (føreslår **ungdom!**). Det skal sjølvsagt jobbast med alle grupper, men viktig å fremja ei særskilt gruppe.
- Kvar enkelt partner sin plan ut på nett – alle kan sjå

9 måneder?

- Kommunar har fokus på å laga partnerskap med frivillige lag og organisasjonar i sin kommune.
- Einigheit i partnerskapet om felles satsingsområde for komande år. Dette for å få satsinga inn i den kommunale/fylkeskommunale budsjettprosessen.
- Ha klart eit "foredrag", power point el. l, for kommunepolitikarane/kommuneleiing som kan nyttast av alle partnerar → når satsinga skal promoterast er det viktig at ein representant frå fylkeskommunen er med å frontar saka.
- Produsere rapport om resultat frå verdens aktivitetsdag med oppfordring om å nytte aktørar i partnerskapen til ei slik satsing.
- Sende kommunale folkehelseplanar til folkehelsekoordinator i fylkeskommunen.

12 måneder?

- Det skal vera "pausegym" på kvart kommunestyremøte
- Gjera felles prioritering ut mot dei svake gruppene. Kva kan ein gjera for å hindra utvikling av sosial ulikskap i helse.
- Korleis skal ein konkret samarbeida med dei frivillige lag og organisasjonar → lage gode reknestykke over kva folkehelse og partnerskap sparar kommune/stat for.
- Auka budsjettramme, regionalt og lokalt
- Folkehelse med i kommuneplan, forankra i plan.